

Arkivnr: 2014/673-320

Saksbehandlar: Elizabeth Warren, Elisabeth Bjørsvik, David Aasen Sandved

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		16.05.2017

Prosjekt Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2017 (KIK) - fordeling av midlar til kommunane i 2017**Samandrag**

Saka gjeld fordeling av fylkeskommunal og statleg løyving til kommunane i samband med utarbeiding og gjennomføring av kulturminneplaner i tråd med prosjektet *Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2017 (KIK)* og regional kulturplan PREMISS: KULTUR innsatsområde 20 tiltak A.

Hordaland fylkeskommune har sett i gong prosjektet *Kulturminnekompetanse i kommunane 2013-2016*, jf. vedtak i fylkesutvalet 30.01.2014, jf sak 14/2014. I Hordaland fylkeskommune sitt årsbudsjett 2014 / økonomiplan 2014-2017 har fylkestinget lagt inn ei årleg ramme på 1 mill. kr til føremålet i prosjektet. Riksantikvaren bidrar med midlar til prosjektet etter søknad. Kultur- og ressursutvalet fordelte kr. 1.400.000,- til 14 kommunar i 2014 (jf. sak PS 84/2014); kr 1.800.000,- til 16 kommunar i 2015 (jf. sak PS 58/2015); kr 1.080.000 til 11 kommunar i 2016 (jf. sak PS 79/2016 og PS 136/2016).

Årsrapport 2015 vart lagt fram til Utval for kultur, idrett og regional utvikling 16.03.2016 i sak PS 46/2016. Årsrapport 2016 vert lagt fram før sommaren 2017.

Pr april 2017 har alle kommunane i Hordaland starta arbeidet eller vedteken ein kulturminneplan. Dei har fått kr 200.000 kr fylkeskommunale og statlege midlar som støtte til dette arbeidet. Nokre kommunar har også fått midlar til innlegging av prioriterte kulturminne i Askeladden, den nasjonale kulturminnedatabase. Hovudsatsingsområde har frå 2016 vore revisjon eldre kulturminneplanar slik at desse vert oppdatert og digitalisering ved at fleire kommunar legg inn prioriterte kulturminne i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden.

Lindås, Masfjorden, Stord og Voss har ikkje tidlegare fått midlar frå Riksantikvaren, jf vedlagt brev. Alle har søkt Riksantikvaren i 2017 og alle har fått tilsegn om kr 100 000 statleg midlar til kulturminneplanarbeid. I tillegg til dette har Hordaland fylkeskommune fått kr 100 000 i statstilskot til prosjekt for å styrke samarbeid mellom dei frivillige, musea og kommunane. Her skal tilsette innan arkiv, bibliotek, musea og kulturminneplanar i fylkeskommunen samarbeide for å etablere møteplassar med ulike kurs, samlingar om kulturarv og lokalhistorie med fokus på alt frå dokumentasjon, registrering, formidling, digitale fortellingar, praktisk bygningsvern, kulturarv som ressurs i lokalsamfunn m.m.

Generelt:	
Budsjett 2017:	1 400 000 kroner
Søknadsfrist 2017:	17.02.2017 utvida til 10.04.2017
Vedtak, KIK:	FUV 30.01.2014: PS 14/2014
Informasjon om ordninga:	Nettstad og informasjon i vedlagt utlysing
Tal på søknadar:	22 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	22 søknadar
Samla søknadssum:	1 500 000 kroner
Tilrådd til fordeling:	1 400 000 kroner

Forslag til vedtak

Utval for Kultur, idrett og regional utvikling løyver 1 400 000 over budsjettpost 10.400.735.84:

	Søkjjar	Tiltak	Tilråding
1	Askøy kommune	Kulturminneplanarbeid	50 000
2	Austevoll kommune	Prioritert kulturminne i Askeladden	50 000
3	Austrheim kommune	Prioritert kulturminne i Askeladden	50 000
4	Bergen kommune	Kulturminneplanarbeid	100 000
5	Bømlo kommune	Prioritert kulturminne i Askeladden	50 000
6	Fedje kommune	Prioritert kulturminne i Askeladden	50 000
7	Fjell kommune	Prioritert kulturminne i Askeladden	50 000
8	Fusa kommune	Prioritert kulturminne i Askeladden	50 000
9	Kvam Herad	Prioritert kulturminne i Askeladden	50 000
10	Lindås kommune	Kulturminneplanarbeid	100 000
11	Masfjorden kommune	Kulturminneplanarbeid	100 000
12	Meland kommune	Prioritert kulturminne i Askeladden	50 000
13	Modalen kommune	Prioritert kulturminne i Askeladden	50 000
14	Os kommune	Prioritert kulturminne i Askeladden	50 000
15	Radøy kommune	Prioritert kulturminne i Askeladden	50 000
16	Stord kommune	Kulturminneplanarbeid	100 000
17	Sund kommune	Prioritert kulturminne i Askeladden	50 000
18	Sveio kommune	Tiltak i tråd med vedtatt kulturminneplan	50 000
19	Tysnes kommune	Prioritert kulturminne i Askeladden	50 000
20	Vaksdal kommune	1.Prioritert kulturminne i Askeladden 2.Tiltak i tråd med vedtatt kulturminneplan	100 000
21	Voss kommune	Prioritert kulturminne i Askeladden	100 000
22	Øygarden	Prioritert kulturminne i Askeladden	50 000
			1 400 000

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Oversikt og grunngjeving
- 2 Invitasjon frå Riksantikvaren 14122016
- 3 Midlertidig svar frå Riksantikvarfen 05042017
- 4 Utlysing av tilskot 06022017

Fylkesrådmannen, 19.04.2017

Viser til vedlegg med oversyn over søknadane med fylkesrådmannens grunngjeving til kvar søknad.